

MØTEBOK

Organ	Vestlandsrådet
Møtestad	Gamlaværket, St. Olavsgt. 38, Sandnes
Møtedato	12.01.2005
Kl.	0900 - 1500

Faste medlemmer til stades:

Nils R. Sandal (S og Fj – Sp)
Hilde Kvamsås Aa (S og Fj – SV)
Tor Bremer (S og Fj – A)

Roald G. Bergsaker (R – H)
Odd Arild Kvaløy (R – Sp)
Eirin Kristin Sund (R – A)
Ola Ingvaldstad (R- Frp.)
Klara Tveit (R – SV)

Torill Selsvold Nyborg (H – Krf.)
Tom-Christer Nilsen (H- H)
Terje Søviknes (H- Frp.)
Gisle Handeland (H- A)
Mette Holmefjord Olsen (H – SV)

Jon Aasen (M og R – A)
Anne Jorunn Hammerø Hatle (M og R – Sp)
Jan Magne Dahle (M og R – SV)
Olav Bratland (M og R – H)
Inger Hanekamhaug (M og R – Frp)

Forfall til møtet:

Liv Signe Navarsete (S og Fj – Sp)
Mathias Råheim (S og Fj – H)

Varamedlemmer til stades:

Erling Sande (S og Fj – Sp)
Liv Henjum (S og Fj – V)

Andre til stades:

Fylkesplansjef Geir Gøncz, Møre og Romsdal
Fylkesrådmann Liv Freriksen, Rogaland
Fylkesrådmann Paul Nilsen, Hordaland
Fylkesrådmann Per Drageset, Sogn og Fjordane

Sekretariat for møtet:

Else Moen

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 06.10.04 vart godkjend utan merknader.

Følgjande skriv vart lagde fram til orientering:

- 01/05 Vedr. EIC-sentre – Ny utlysing i EU 2006 (Arkivsak nr. 200306864-26)
- 02/05 Statsbudsjett 2005 på samferdselsområdet (Arkivsak nr. 200306858-105)
- 03/05 Vestlandsforsøket – rapportering (Arkivsak nr. 200204646-52)
- 04/05 Tildeling av løyve for drift av riksvegferjesamband (Arkivsak nr. 200306858-101)
- 05/05 Forslag til strategi for marin verdiskaping. Innsjill fra Vestlandsrådet
(Arkivsak 200306862-54)
- 06/05 Vestlandsrådet – Endra dato for møte med storbyane (Arkivsak nr. 200306856-24)
- 07/05 Statsbudsjettet 2005 Behov for betring av rammevilkår for finansiering av næringsutvikling
basert på nye oppdrettsarter å Vestlandet (Arkivsak nr. 200306862-51)
- 08/05 Vestlandsrådet sitt brev om løyve for drift av riksvegferjesamband (Arkivsak nr.
200306858-103)
- 09/05 Tildedeling av løyve for drift av riksvegferjesamband (Arkivsak nr. 200306858-108)

SAK 0001/05

VESTLANDSFORSØKET - PLANPROGRAM 2004

Framlegg til vedtak:

Vestlandsrådet tek planprogram 2005 til orientering.

Avrøysting:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Representantane frå Møre og Romsdal deltok ikkje i avrøystinga.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Vestlandsrådet tek planprogram 2005 til orientering.

SAK 0002/05

HOVUDPROSJEKT FOR LUFTFART PÅ VESTLANDET

Framlegg til vedtak:

Vestlandsrådet sluttar seg til det presenterte opplegget for hovudprosjekt for luftfarten på Vestlandet og set av kr. 300.000,- på 2004-budsjettet til gjennomføring av prosjektarbeidet.

Endringsframlegg:

Representanten Tom-Christer Nilsen sette fram slikt framlegg som tillegg til tilrådinga:

”Byene og opplandet ellers som flyplassene tjener, må tas med i prosessen.”

Avrøysting:

Tilrådinga og framlegget frå representanten Tom-Christer Nilsen vart samrøystes vedtekne.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Vestlandsrådet sluttar seg til det presenterte opplegget for hovudprosjekt for luftfarten på Vestlandet og set av kr. 300.000,- på 2004-budsjettet til gjennomføring av prosjektarbeidet. Byane og opplandet elles som flyplassane tener, må takast med i prosessen.

SAK 0003/05

UTGREIING AV EIT EVENTUELT NYTT FOLKEVALD NIVÅ PÅ VESTLANDET

Framlegg til vedtak:

- 1 Med utgangspunkt i dei innspela som følgjer av vedtaka i fylkestinga i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane om premissar og innhald for eit evt. nytt regionalt nivå, blir det starta arbeid med ei utgreiing i regi av Vestlandsrådet.
- 2 Dei deltakande fylkeskommunane sine representantar i Vestlandsrådet er styringsgruppe for arbeidet
- 3 Det vert etablert eit politisk arbeidsutval som førebur arbeidet i styringsgruppa. Arbeidsutvalet skal ha 2 representantar frå kvar av dei deltakande fylkeskommunane.
- 4 Styringsgruppa for arbeidet sender utgreiinga på brei høyring i juni 2005 etter ei intern høyring hos fylkeskommunane i Vestlandsrådet

Endringsframlegg:

Val til politisk arbeidsutval:

Framlegg frå representanten Roald G. Bergsaker på representantar frå Rogaland:

Representant: Roald G. Bergsaker Vararepresentant: Odd Arild Kvaløy

Representant: Eirin Sund Vararepresentant: Klara Tveit

Framlegg frå representanten Torill Selsvold Nyborg på representantar frå Hordaland:

Representant: Torill Selsvold Nyborg Vararepresentant: Tom-Charister Nilsen

Representant: Gisle Handeland Vararepresentant: Mette Holmefjord Olsen

Framlegg frå representanten Tor Bremer på representantar frå Sogn og Fjordane:

Representant Nils R. Sandal Vararepresentant: Liv Signe Narvarsete

Representant Tor Bremer Vararepresentant: Hilde Kvamsås Aa

Avrøysting:

Det vart røysta punktvis.

Punkt 1 fekk 16 røyster.

4 røysta mot (Terje Søviknes, Ola Invaldstad, Inger Hanekamhaug og Klara Tveit)

Punkt 2, 3 og 4 vart samrøystes vedtekne.

Dette gir følgjande VEDTAK:

- 1 Med utgangspunkt i dei innspela som følgjer av vedtaka i fylkestinga i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane om premissar og innhald for eit evt. nytt regionalt nivå, blir det starta arbeid med ei utgreiing i regi av Vestlandsrådet.
- 2 Dei deltakande fylkeskommunane sine representantar i Vestlandsrådet er styringsgruppe for arbeidet
- 3 Det vert etablert eit politisk arbeidsutval som førebur arbeidet i styringsgruppa. Representantar til arbeidsutvalet:
Rogaland:
Representant: Roald G. Bergsaker Vararepresentant: Odd Arild Kvaløy
Representant: Eirin Sund Vararepresentant: Klara Tveit

Hordaland:
Representant: Torill Selsvold Nyborg Vararepresentant: Tom-Christer Nilsen
Representant: Gisle Handeland Vararepresentant: Mette Holmefjord Olsen

Sogn og Fjordane:
Representant Nils R. Sandal Vararepresentant: Liv Signe Narvarsete
Representant Tor Bremer Vararepresentant: Hilde Kvamsås Aa
- 4 Styringsgruppa for arbeidet sender utgreiinga på brei høyring i juni 2005 etter ei intern høyring hos fylkeskommunane i Vestlandsrådet

SAK 0004/05**MØTE MED BYANE OG KOMMUNANE PÅ VESTLANDET****VEDTAK:**

- 1 Det blir invitert til eit møte med byane og kommunane på Vestlandet 3. mars. Møtet skal fokusere på samarbeid om viktige utviklingssaker for Vestlandet, og drøfting knytt til utgreiing av eit eventuelt nytt regionalt nivå på Vestlandet.
- 2 Regionråda og byane på Vestlandet blir inviterte med ein representant kvar, i tillegg til leiar av KS i kvar av fylka.

SAK 0005/05

STRATEGI FOR NYE OPPDRETTARTAR PÅ VESTLANDET

Framlegg til vedtak:

1. Vestlandsrådet tek rapporten "Vurdering av utvikling av nye arter i oppdrett og bruk av offentlige virkemidlar for kommersialisering på Vestlandet" (Norconsult 01.11.04) til orientering. Vestlandsrådet har merka at sikring av eigenkapitalfinansiering er vurdert som det mest kritiske elementet på kort sikt.
2. Mellom anna med grunnlag i vurderingane og konklusjonane i rapporten vil Vestlandsrådet utarbeide ein strategisk handlingsplan for næringsutvikling innan nye oppdrettsartar, "Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar", og løyver kr 400 000,- til føremålet. Det må settast klare næringsmål og prioriteringar for Vestlandet. Sentrale strategiar og tiltak vert:
 - a. Finansiering
 - i. Arbeide med å få på plass såkornfond og øymerka utviklingsmidlar
 - ii. Auke rammene til det regionale verkemiddelapparatet, og andre offentlege støtteordningar, retta mot kommersialisering av nye havbruksartar
 - b. Forsking og utvikling
 - i. Sikre auka forskingsinnsats på nye oppdrettsartar m.a. sørgje for at Vestlandet vert prioritert av NFR med midlar til forsking innan nye oppdrettsartar
 - ii. utnytte "Blå-grønn-allianse" strategisk for å få forsking på viktige felt innan nye oppdrettsartar
 - iii. Arrangere ein større konferanse/idédugnad i 2005.
 - c. Rammeføresetnader og verktøy
 - i. Greie ut ein modell for samarbeid om utvikling av nye oppdrettsartar på Vestlandet. Moglege alternativ kan vere eit Vestlandsnettverk av kompetansemiljø med fokus på nye marine artar i oppdrett eller etablere eit "Senter for nye oppdrettsartar" på Vestlandet.
 - ii. Følgje opp samarbeid om marin satsing innafor arenaprojektet Marin VEST.
 - iii. Arealbruk: Vidareutvikle arbeidet med å auka kjennskapen til ulike artar sine preferansar/krav til eigna lokalitetar. Eit ledd i dette arbeidet er å samarbeide om utvikling av geografiske informasjonsverktøy for kunnskapsbasert og rasjonell havbruksplanlegging med fokus på areal til nye oppdrettsartar
 - iv. Politisk påverknadsarbeid i høve til sentrale mynde for å realisere verdiskapingspotensialet på Vestlandet
 - v. Forankring i fylkesvise regionale utviklingsprogram

Endringsframlegg:

Representanten Tor Bremer sette fram slikt framlegg som tillegg til punkt 1:

”Vestlandsrådet vil understreke at det er behov for auka landsdekkande midlar til finansiering av næringsutvikling av nye oppdrettsarter. Det må ikkje gå på bekostning av dei distriktsretta virkemidla.”

Representanten Roald G. Bergsaker sette fram slikt framlegg til vedtak:

- a) Siste setning i punkt a, ii vert endra til: **Auke rammene til det regionale verkemiddelapparatet, og andre offentlege støtteordningar, retta mot næringsutvikling og kommersialisering av nye havbruksartar**
- b) **Nytt punkt 3:
Næringsgruppa driv arbeidet og rapporterer til Vestlandsrådet.”**

Representanten Mette Holmfjord Olsen sette fram slikt framlegg:

”Næringa sine organisasjonar vert inviterte med i arbeidet kring strategisk handlingsplan.”

Avrøysting:

Tilrådinga og framlegga frå representantane Tor Bremer, Roald Bergsaker og Mette Holmfjord Olsen vart samrøystes vedtekne.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Vestlandsrådet tek rapporten ”Vurdering av utvikling av nye arter i oppdrett og bruk av offentlige virkemidlar for kommersialisering på Vestlandet” (Norconsult 01.11.04) til orientering. Vestlandsrådet har merka at sikring av eigenkapitalfinansiering er vurdert som det mest kritiske elementet på kort sikt. Vestlandsrådet vil understreke at det er behov for auka landsdekkande midlar til finansiering av næringsutvikling av nye oppdrettsarter. Det må ikkje gå på bekostning av dei distriktsretta virkemidla.
2. Mellom anna med grunnlag i vurderingane og konklusjonane i rapporten vil Vestlandsrådet utarbeide ein strategisk handlingsplan for næringsutvikling innan nye oppdrettsarter, ”Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsarter”, og løyver kr 400 000,- til føremålet. Det må settast klare næringsmål og prioriteringar for Vestlandet. Sentrale strategiar og tiltak vert:
 - d. Finansiering
 - i. Arbeide med å få på plass såkornfond og øymerka utviklingsmidlar
 - ii. Auke rammene til det regionale verkemiddelapparatet, og andre offentlege støtteordningar, retta mot næringsutvikling og kommersialisering av nye havbruksartar
 - e. Forsking og utvikling
 - i. Sikre auka forskingsinnsats på nye oppdrettsartar m.a. sørgje for at Vestlandet vert prioritert av NFR med midlar til forskning innan nye oppdrettsartar

- ii. utnytte "Blå-grønn-allianse" strategisk for å få forskning på viktige felt innan nye oppdrettsartar
 - iii. Arrangere ein større konferanse/idédugnad i 2005.
 - f. Rammeføresetnader og verktøy
 - i. Greie ut ein modell for samarbeid om utvikling av nye oppdrettsartar på Vestlandet. Moglege alternativ kan vere eit Vestlandsnettverk av kompetansemiljø med fokus på nye marine artar i oppdrett eller etablere eit "Senter for nye oppdrettsartar" på Vestlandet.
 - ii. Følgje opp samarbeid om marin satsing innafor arenaprojektet Marin VEST.
 - iii. Arealbruk: Vidareutvikle arbeidet med å auka kjennskapen til ulike artar sine preferansar/krav til eigna lokalitetar. Eit ledd i dette arbeidet er å samarbeide om utvikling av geografiske informasjonsverktøy for kunnskapsbasert og rasjonell havbruksplanlegging med fokus på areal til nye oppdrettsartar
 - iv. Politisk påverknadsarbeid i høve til sentrale mynde for å realisere verdiskapingspotensialet på Vestlandet
 - v. Forankring i fylkesvise regionale utviklingsprogram
3. Næringsgruppa driv arbeidet og rapporterer til Vestlandsrådet
4. Næringa sine organisasjonar vert inviterte med i arbeidet kring strategisk handlingsplan.

SAK 0006/05

HANDLINGSPLAN FOR VESTLANDSRÅDET - UTVIDING INNAN OMRÅDA LANDBRUK, REISELIV OG PROSESSINDUSTRI

Framlegg til vedtak:

Vestlandsrådet vedtek at framlagde tekst om landbruk, reiseliv og prosessindustri vert innarbeidd i handlingsplanen for Vestlandsrådet.

Endringsframlegg:

Representanten Erling Sande sette fram slikt framlegg til nytt kulepunkt:

"Arbeide for at eventuell reduksjonar i det samla produksjonstilskotet som fylgje av nye internasjonale reglar, bør nyttast innan landbruk og bygdeutvikling."

Representanten Tom-Christer Nilsen sette fram slikt framlegg som ekstra kulepunkt under reiseliv:

- ”Styrke natur- og kulturbasert reiseliv.”

Avrøysting:

Framlegget frå representanten Erling Sande vart samrøystes oversendt til administrasjon for vidare utgreiing.

Tilrådinga til vedtak og framlegget frå representanten Tom-Christer Nilsen vart samrøystes vedtekne.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Vestlandsrådet vedtek at framlagde tekst om landbruk, reiseliv og prosessindustri vert innarbeidd i handlingsplanen for Vestlandsrådet.
2. Nytt kulepunkt under reiseliv:
Styrke natur- og kulturbasert reiseliv

SAK 0007/05

SKOTTLANDSSTRATEGI FOR VESTLANDET - FRAMLEGG TIL OPPLEGG FOR FRAMDRIFT

Framlegg til vedtak:

- 1 Det vert arbeidd med sikte på å utarbeide eit framlegg til ein Skottlandsstrategi som blir lagt fram til handsaming i juni 2005.
- 2 Det vert løyvd kr. 50.000 til arbeidet med Skottlandsstrategi for Vestlandsrådet.

Endringsframlegg:

Representanten Gisle Handeland sette fram slikt framlegg til vedtak:

”Saka vert utsett.”

Avrøysting:

Framlegget frå Gisle Handeland vart samrøystes vedteke.
Ingen røysta for tilrådinga til vedtak.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Saka vert utsett.

SAK 0008/05

BUDSJETT FOR 2005

VEDTAK:

Vestlandsrådet vedtek eit budsjett på kr. 1.000.000 for 2005. Kr. 900.000 vert avsett til Diverse utviklingstiltak/arenabygging/konferansar etter vedtak i rådet. Det vert avsett kr. 100.000 til tiltak etter fullmakt frå leiar.

SAK 0009/05

MØTEPLAN 2005

VEDTAK:

Vestlandsrådet vedtek framlagde møteplan:

- 3.- 4 . mars i Hordaland
- 21.-22. april i Sogn og Fjordane
- 21.-22. juni i Møre og Romsdal
- 29.-30. september i Rogaland
- 17.-18. november i Hordaland

SAK 0010/05

EUROPAPOLITISKE LOKAL- REGIONALFORUM - VALG AV MEDLEM FRA VESTLANDSRÅDET

VEDTAK:

I 2005 skal Vestlandsrådets representant i Europapolitisk lokal- og regionalforum være:

- Representant: Nils R. Sandal , Sogn og Fjordane
- Vararepresentant: Jon Aasen, Møre og Romsdal

SAK 0011/05

HØRING AV FORSLAG TIL ENDRING AV VERNEFORSKRIFTER I SOGN OG FJORANE HORDALAND OG ROGALAND FYLKER - ÅPNING FOR HØSTING AV TARE INNENFOR EKSISTERENDE SJØFUGLRESERVATER**Representanten Roald G. Bergsaker sette fram slikt framlegg til vedtak:****Kommentarer til høringsforslaget:**

Vestlandsrådet viser til de regionale arbeidsgruppene som har gjennomgått hvilke områder som skal åpnes/stenges for taretråling. Arbeidsgruppene bestod av:

- Fylkesmann
- Fylkeskommunen
- Fiskeridirektoratet regionalt
- Tarenæringen

Arbeidet har vært ledet av Fiskeridirektoratet sentralt. Dette betyr at alle interessenter av nye regionale taretrålingsforskrifter har vært med i arbeidet og har kunnet komme med innspill i prosessen.

Arbeidsgruppene kom frem til omforente forslag til hvilke områder som **skal åpnes**/stenges for taretråling i hvert fylke.

Ut fra høringsforslaget forstår vi at Direktoratet for naturforvaltning (DN) ikke ønsker å følge de regionale forslagene for Rogaland og Sogn og Fjordane. I nåværende forslag til endring av verneforskrifter i Rogaland og Sogn og Fjordane har DN foreslått å ikke åpne følgende områder som de regionale gruppene har foreslått åpnet:

I Sogn og Fjordane

- Moldvær
- Ryggsteinen
- Ytterøyane

I Rogaland

- Jarstein
- Eime
- Heglane
- Grøningane

Vestlandsrådet vil påpeke at det er uheldig av DN i etterkant av de regionale prosessene går inn og overprøver et resultat som er omforent mellom de ulike berørte partene. I det omforente forslaget fra de regionale arbeidsgruppene ligger det til grunn en balanse mellom stengte og åpnete området. Dvs at begge sider har tatt og gitt for å få kabalen til å gå opp.

Om DNs forslag nå går gjennom, betyr det at miljøsidene går inn og forrykker denne balansen til sin fordel uten at næringen har fått mulighet til å kreve tilsvarende gode alternative høstingsområder åpnet.

Tarenæringen i Norge

Det er i dag 14 taretrålbåter (+ en frakteskute) i Norge som leverer til 4 mottaksanlegg. Det høstes årlig 140-170.000 tonn norsk stortare som har en førstehåndsverdi på 23,5 – 28,5 mill kr. Råstoffapparatet sysselsetter 40-50 personer. Den totale eksportverdien fra Norge er imidlertid 700 – 800 mill per år, og industri og FOU sysselsetter vel 200 personer.

Tarenæringen i Norge er helt avhengig av gode og forutsigbare rammebetingelser. Hele grunnlaget for denne omfattende virksomheten i Norge er avhengig av tilgang på norsk stortare.

Konklusjon

Vi minner om at taretrålnæringen eksporterer for 700 – 800 mill per år, og er regionalt viktige arbeidsplasser. Ved å ikke åpne for taretråling i områdene ovenfor i Rogaland og Sogn og Fjordane, forrykker man balansen som var oppnådd i arbeidet med de regionale arbeidsgruppene.

Vestlandsrådet kan derfor ikke godta høringsforslaget i sin nåværende form.

Vestlandsrådet krever derfor at:

DN sender ut en supplerende høring hvor de ovennevnte områdene foreslås åpnet på bakgrunn av arbeidsgruppene sine forslag. Dette vil medføre at man gjenoppretter balansen mellom foreslåtte stengte og åpnede områder.

Avrøysting:

19 røysta for framlegget frå representanten Roald Bergsaker
1 røysta mot. (Hilde Kvamsås Aa)

Dette gir følgjande VEDTAK:

Kommentarer til høringsforslaget:

Vestlandsrådet viser til de regionale arbeidsgruppene som har gjennomgått hvilke områder som skal åpnes/stenges for taretråling. Arbeidsgruppene bestod av:

- Fylkesmann
- Fylkeskommunen
- Fiskeridirektoratet regionalt
- Tarenæringen

Arbeidet har vært ledet av Fiskeridirektoratet sentralt. Dette betyr at alle interessenter av nye regionale taretrålingsforskrifter har vært med i arbeidet og har kunnet komme med innspill i prosessen.

Arbeidsgruppene kom frem til omforente forslag til hvilke områder som **skal åpnes**/stenges for taretråling i hvert fylke.

Ut fra høringsforslaget forstår vi at Direktoratet for naturforvaltning (DN) ikke ønsker å følge de regionale forslagene for Rogaland og Sogn og Fjordane. I nåværende forslag til endring av verneforskrifter i Rogaland og Sogn og Fjordane har DN foreslått å ikke åpne følgende områder som de regionale gruppene har foreslått åpnet:

I Sogn og Fjordane

- Moldvær
- Ryggsteinen
- Ytterøyane

I Rogaland

- Jarstein
- Eime
- Heglane
- Grøningane

Vestlandsrådet vil påpeke at det er uheldig av DN i etterkant av de regionale prosessene går inn og overprøver et resultat som er omforent mellom de ulike berørte partene. I det omforente forslaget fra de regionale arbeidsgruppene ligger det til grunn en balanse mellom stengte og åpnete området. Dvs at begge sider har tatt og gitt for å få kabalen til å gå opp.

Om DNs forslag nå går gjennom, betyr det at miljøsidan går inn og forrykker denne balansen til sin fordel uten at næringen har fått mulighet til å kreve tilsvarende gode alternative høstingsområder åpnet.

Tarenæringen i Norge

Det er i dag 14 taretrålbåter (+ en fraktesbåt) i Norge som leverer til 4 mottaksanlegg. Det høstes årlig 140-170.000 tonn norsk stortare som har en førstehåndsverdi på 23,5 – 28,5 mill kr. Råstoffapparatet sysselsetter 40-50 personer. Den totale eksportverdien fra Norge er imidlertid 700 – 800 mill per år, og industri og FOU sysselsetter vel 200 personer.

Tarenæringen i Norge er helt avhengig av gode og forutsigbare rammebetingelser. Hele grunnlaget for denne omfattende virksomheten i Norge er avhengig av tilgang på norsk stortare.

Konklusjon

Vi minner om at taretrålnæringen eksporterer for 700 – 800 mill per år, og er regionalt viktige arbeidsplasser. Ved å ikke åpne for taretråling i områdene ovenfor i Rogaland og Sogn og Fjordane, forrykker man balansen som var oppnådd i arbeidet med de regionale arbeidsgruppene.

Vestlandsrådet kan derfor ikke godta høringsforslaget i sin nåværende form.

Vestlandsrådet krever derfor at:

DN sender ut en supplerende høring hvor de ovennevnte områdene foreslås åpnet på bakgrunn av arbeidsgruppens forslag. Dette vil medføre at man gjenoppretter balansen mellom foreslåtte stengte og åpne områder.

SAK 0012/05

ST.MELD. NR. 47 (2003-2004) INNOVASJONSVERKSEMDA FOR MILJØVENNLEGE GASSKRAFTSTEKNOLOGIAR MV. - UTTALE

Representanten Torill Nyborg Selsvold sette fram slikt framlegg til vedtak:

Vestlanderådet vil peike på følgjande saker som vil bidra til auka bruk av naturgass, og som vil vere særleg viktige for Vestlandet.

Aktiv statleg medverknad for distribusjon av naturgass til energi- industri og transportformål innanlands

Vestlandet er det området i landet som har kome lengst når det gjeld bruk av naturgass. Vi har gass ilandført i tre fylker (Rogaland, Hordaland og Møre og Romsdal), og vil snart få eit gassrør nummer to i Møre og Romsdal. Nærleik til gassressursane er viktige føresetnader for eit effektivt distribusjonssystem. Dei beste mulegheiter for utvikling av infrastruktur, innovasjon og verdiskaping i industrien ligg på Vestlandet. Vestlandsrådet ser det som særst viktig med ein gasspolitikk som stimulerer til vidare bruk av gassen på Vestlandet. Eit tungt statleg engasjement bør etablerast slik at naudsynt infrastruktur vert bygd.

Det vert bygd gassrør over Boknafjoden, og det er planlagt rør frå Kollsnes til Mongstad. Dei ulike gassrøyra bør bindast saman slik at naturgassen vert tilgjengeleg langs heile Vestlandskysten.

Utvikling av teknologi for miljøansvarleg utnytting av naturgass

Teknologi for utskilling og handtering av CO₂ er tilgjengelig men ikkje kommersiell. Staten må bidra til konkret utprøving av teknologi i industriell skala for reining av CO₂-utslipp frå gasskraftverk.

Injisering av CO₂ i oljefelt kan føre til auka utvinning av olje og lengre levetid for felta. Med dagens oljepris er slike prosjekt til og med bedriftsøkonomiske lønsame. Lengre feltlevetid er viktig for verdiskapinga i regionen. Samstundes får samfunnet ut større delar av ressursane på sokkelen. Teknologien vil krevje nye investeringar i infrastruktur på felta, i CO₂-fangst og – transport. I tillegg får ein plassert store mengder CO₂. Vestlandsrådet meiner at staten må etablere rammevilkår som fører til at denne teknologien vert tatt i bruk.

Vestlandsrådet vil og peike på dei spanande perspektiv som er knytt til foredling av mineralressursar ved tilsetning av CO₂. Forsking på bruk av CO₂ som innsatsfaktor ved posessering av mineralressurser, m.a. anortositt, rutil og olivin, bør prioriterast. Her har Noreg eit

stort verdiskapingspotensiale der ein vil kunne innfri Stortinget sine føringar om å leggje vekt på industriutvikling i eit langsiktig perspektiv, samstundes som ein løyser ei global miljøutfordring.

Endringsframlegg:

Representanten Torill Nyborg Selsvold sette fram slikt framlegg til vedtak:

Leiaren i Vestlandsrådet i samarbeid med dei andre fylkesordførarane i Vestlandsrådet får fullmakt til å sende ein uttale som bygger på framlegget frå representanten Torill Nyborg Selsvold og merknader i møte.

Avrøysting:

Endringsframlegg frå Torill Nyborg Selsvold vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Leiaren i Vestlandsrådet i samarbeid med dei andre fylkesordførarane i Vestlandsrådet får fullmakt til å sende ein uttale som bygger på framlegget frå representanten Torill Nyborg Selsvold og merknader i møte.